



Det kongelege kommunal og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

postmottak@krd.dep.no

Dykkar ref.

Vår ref.

09/1091-22/ 11/1198/014/LTT

Dato:

Manger: 14.02.2011

FORSKRIFT OM FORSØK MED ELEKTRONISK RØYSTEGJEVING - HØYRING

Vi viser til dykkar høyringsbrev av 16.12.2010.

Radøy valstyre handsama saka i møte 3. februar d.å. og gjorde slikt samrøystes vedtak:

”Radøy valstyre sluttar seg til Kommunal- og regionaldepartementets forslag til Forskrift om forsøk med elektronisk røystegjeving under førehandsrøystegjevinga, elektronisk avkryssing i manntalet på valtinget og bruk av ny røystesetel ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2011 slik det går fram av brev av 16.12.2010, med følgjande endringar i forskrifta:

Kapittel 6, § 14: Perioden for elektronisk forhåndsstemmegivning vert avslutta **lørdag 10. september** kl 21.00.

Kapittel 6, § 16: Veljar skal sjølv påsjå at røystegjevinga vert gjort **åleine** og usett.

Forskrifta § 18-2 bør innehalda alternative rutinar for mottak av framandrøyster og opne for at valstyret sjølv kan avgjere kva rutine som er best eigna for handtering av framandrøyster på valdagen i eigen kommune.”

Særutskrift av møteboka følgjer vedlagt.

Denne høyringsuttalen vert berre sendt pr. epost.

Med helsing

Leif Taule
Ass. rådmann

Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Valstyret	03.02.2011	002/11	LTT

Avgjerslemynde: Valstyret	Arkiv: K1-014	Arkivsaknr
Sakshandsamar: Lin Tove Thomassen	Objekt:	09/1091

FORSLAG TIL FORSKRIFT OM FORSØK MED ELEKTRONISK RØYSTEGJEVING UNDER FØREHANDSRØYSTING, ELEKTRONISK AVKRYSSING I MANNTALET PÅ VALTINGET OG UTPRØVING AV NYE RØYSTESETLAR- HØYRING

Dokumentliste/vedlegg:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
20	I	24.01.2011	Det kongelige kommunal og regionaldepartement	Høyring - Forskrift om forsøk med elektronisk røystegjeving

Saksutgreiing:

Som kjent er Radøy kommune ein av 10 kommunar som skal gjennomføre forsøk med elektronisk røystegjeving under Fylkesting og kommunestyrevalet i 2011. Forsøket fører til at valet i 2011 i forsøkskommunane på einskilde område vert gjennomført på ein annan måte enn det som følgjer av vallova og valforskrifta.

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) har lagt fram forslag til forskrift om forsøk med elektronisk røystegjeving under førehandsrøysting, elektronisk avkryssing i manntalet på valtinget og utprøving av nye røystesetlar for bruk i forsøkskommunane og i Møre og Romsdal Fylke. Forsøket har også med vilkår for korleis fylkeskommunane, som har med kommunar i forsøket, skal forholde seg til e-røystene under oppteljinga.

Forsøksregelen i vallova § 15-1 gjev heimel for å gjere unntak frå ein eller fleire av vallova sine reglar, men ikkje frå grunnprinsippa, bl.a. at vala skal være frie, direkte og hemmelege.

Utkast til forskrifta er sendt på høyring, med høyringsfrist 15. februar 2011.

Kort om innhaldet i forskrifta

Forslag til forskrifta inneheld reglar om:

- elektronisk valmanntal, til bruk i vallokala på valdagen med presiseringar av at dette manntalet skal vera kretsvis. Det er og gjeve reglar om utforming av valkort og kva dette skal innehalda.
- presiseringar om korleis dei elektroniske røystegjevingane skal opnast (dekrypterast før teljing).
- listeforslag skal i tillegg til fødselsår også innhalda fødselsdato (dd.mm.år).
- dei elektroniske røystesetlane, og når dei skal vera ferdigstilt.

- ny utforming av stemmesetlar på papir
- perioden og framgangsmåten for elektronisk førehandrøysting
 - forslag om at førehandsrøystinga vert avslutta kl. 21.00 fredag før valdagen
 - varsling til veljarar som har logga seg på men ikkje har fått registrert røysta pga stengetid
 - angrerett for veljaren ved elektronisk røystegjeving
 - kva røyst som skal gjelda der veljaren har røysta fleire gonger.
 - røystegjeving i vallokalet og avkryssing i elektronisk manntal, samt beredskapsrutinar ved straumbrot.
- prøving av røystegjevingar og røystesetlar, oppteljing og protokollering.
- eigarskap og krav til det elektroniske valsystemet, og tryggleik, innsyn og kontroll.

Vurdering

Kommunen støtter seg til det meste av KRD sitt forslag til forskrift, men har merknader til følgjande punkt:

KRD har sett fram forslag om at elektronisk røysting over internett skal avsluttast fredag før valdagen kl 21.00 (§14-1). Radøy kommune har tidlegare år avslutta førehandsrøysteperioden fredag kl 20.00, og det vert lagt opp til at vi også i år kjem til å avslutte papirrøystinga same tid. Tidspunkta for å avslutte førehandsrøysteperioden elektronisk og på papir vil difor verte ulik.

Vallova § 8-1 (3) seier at førehandsrøystinga ikkje må gå føre seg seinare enn siste fredag før valdagen. Dette av omsyn til at røyster skal rekke fram til rett kommune før kl 21 på valdagen. Med elektronisk røysting vert røystene registrert med det same, og det er dermed mogleg å utvida førehandsrøysteperioden på internett til laurdag før valdagen.

I perioden for førehandsrøysting har det tidlegare år vore halde ope på kveldstid og helg. Med å opne for elektronisk røysting også laurdagen vil dette vere med på å gje betre tilgjenge for veljarane. Rådmannen rår til å forlenga perioden for internettrøystegjeving til laurdag 10. september kl 21.00.

Radøy kommune skal gjennomføre eit testval 4.-7. mars og skal, som einaste kommune av dei 10 forsøkskommunane, gjennomføre elektronisk røysting også i røystelokala. I § 14-2 vert det gjort framlegg om at ein ikkje kan røyste elektronisk i kontrollerte omgjevnader, men at forsøkskommunane kan søkje om løyve under fylkesting- og kommunestyrevalet dersom ein ønskjer det. Etter at testvalet er evaluert kan ein kome tilbake til om det er aktuelt for kommunen å søkje om dette.

I § 16-1 vert det lagt opp til at veljar sjølv skal påsjå at røystegjevinga vert gjort i einerom og usett. Med elektronisk røysting, bør kravet om einerom og usett endrast til at ein bør gjennom-føre røystinga åleine og usett.

På valdagen vert det lagt opp til avkryssing i elektronisk manntal. Veljar som ikkje er innført i krinsen han ønskjer å røyste i, kan røyste og verte avkryssa i manntalet og jf. §18-2 skal veljar legge røystesetel i urne for *veljar manntalsført i andre krinsar*. I dag vert desse røystene lagt i særskilt omslag og teke med til valstyret for godkjenning og registrering i manntal. Radøy kommune er ein liten kommune. Mest sannsynleg vil det ikkje verte mange nok framand-røyster til å ha eiga urne for *veljar manntalsført i andre krinsar* utan at vi får problem med å ivareta kravet om fritt, direkte og hemmeleg val.

Radøy kommune planlegg å gjennomføre valet i 2011 med sentral oppteljing. Dermed er det, med elektronisk manntal, ikkje nødvendig å skilje mellom urne for framandrøyster og urne for røystesetlar frå eigen krins.

Forskrifta § 18-2 bør difor innehalda alternative rutinar for mottak av framandrøyster og opne for at valstyre sjølv kan avgjere kva rutine som er best eigna for handtering av framandrøyster på valdagen i eigen kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy valstyre sluttar seg til Kommunal- og regionaldepartementets forslag til Forskrift om forsøk med elektronisk røystegjeving under førehandsrøystegjevinga, elektronisk avkryssing i manntalet på valtinget og bruk av ny røystesetel ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2011 slik det går fram av brev av 16.12.2010, med følgjande endringar i forskrifta:

Kapittel 6, § 14: Perioden for elektronisk forhåndsstemmegivning vert avslutta **lørdag 10. september** kl 21.00.

Kapittel 6, § 16: Veljar skal sjølv påsjå at røystegjevinga vert gjort **åleine** og usett.

Forskrifta § 18-2 bør innehalda alternative rutinar for mottak av framandrøyster og opne for at valstyret sjølv kan avgjere kva rutine som er best eigna for handtering av framandrøyster på valdagen i eigen kommune.

03.02.2011 VALSTYRET

Valstyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

VS-002/11 VEDTAK:

Radøy valstyre sluttar seg til Kommunal- og regionaldepartementets forslag til Forskrift om forsøk med elektronisk røystegjeving under førehandsrøystegjevinga, elektronisk avkryssing i manntalet på valtinget og bruk av ny røystesetel ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2011 slik det går fram av brev av 16.12.2010, med følgjande endringar i forskrifta:

Kapittel 6, § 14: Perioden for elektronisk forhåndsstemmegivning vert avslutta **lørdag 10. september** kl 21.00.

Kapittel 6, § 16: Veljar skal sjølv påsjå at røystegjevinga vert gjort **åleine** og usett.

Forskrifta § 18-2 bør innehalda alternative rutinar for mottak av framandrøyster og opne for at valstyret sjølv kan avgjere kva rutine som er best eigna for handtering av framandrøyster på valdagen i eigen kommune.